

# Senterpartiet vil ta heile Hjartdal i bruk!

Hjartdal Senterparti ynskjer mangfald og eit levande lokalmiljø i alle bygdene. Hjartdal Senterparti vil vera ein pådrivar for næringslivet generelt og landbruksnæringa spesielt. For fellesskapet, for naturen og miljøet. Vi vil legge til rette for at frivillige organisasjonar, idrettslag, kulturaktivitetar kan bli støtta. Vi vil aktivt koma ut i bygdene for å diskutere lokale saker.

## **ANSVARLEG STYRING**

- Senterpartiet er garantist for at Hjartdal held fram som eigen kommune.
- Senterpartiet vil jobbe for å gje eigeidoms skatten ein sosial profil ved å innføre eit botnfrådrag på 500000 kr.
- Senterpartiet vil føre ein ansvarleg økonomisk politikk og vil derfor vera varsam med å auke lånegjelda til kommunen.
- Senterpartiet vil få rydda opp i VA – problematikken i Tuddal.
- Senterpartiet vil vidareutvikle samarbeidet med andre kommunar som det er naturleg å samarbeide med geografisk.

## **INSPIRERANDE OPPVEKST**

- Senterpartiet vil gje nyfødte i kommunen ei barselsgåve.
- Senterpartiet er garantist for full barnehagedekning i alle tre bygdene.
- Arbeide for få til ein fullverdig barnehage i Hjartdal.
- Senterpartiet ynskjer å ha lågare pris i barnehagane framfor gratis SFO i den offentlege skulen.
- Arbeide for eit godt samarbeid mellom barnehage – barneskule/Montessoriskule – ungdomsskule.
- Støtte opp om alt frivillighetsarbeid i kommunen og invitere ein frå kvart lag til møte med representantar frå kommunestyret for å bli kjent med både folk, ynskje og behov, samt halde bygdevisse møte ved store avgjersler.
- Ha null-toleranse for mobbing på alle arenaer.
- Halde fram med ordninga med heim for ein 50 lapp.
- Arbeide for fleire og oftare møteplassar for barn og ungdom. Mobilfrie soner.

## **EIT LIVSKRAFIG NÆRINGS LIV**

- Vidareføre tilskot til sal av ubebudd landbrukseigeidom. 50000 ved kontrakt, 50000 ved busetting.

- Senterpartiet vil legge til rette for at det lokale næringslivet kan vinne fram ved utlysning av anbod.
- Senterpartiet vil bruke alle pengane frå salet av elverket til å kjøpe seg opp i Sauland kraftverk. Visst vi kan kjøpe fleire aksjar enn vi har pengar til vil vi tilby kommunen sine innbyggjarar til å bli medeigarar.
- Få på plass ein landbruksplan, landbruk er kommunen sin viktigaste næring!
- Etablere ein oversikt over sommarjobbtilbod til ungdom i kommunen, i samarbeid med næringslivet.
- Stimulere til bruk, etablering og kompetanse av lokalt næringsliv og næringstomter.
- Utnytte statusen Nordbygda har fått som utvalt kulturlandskap, og arbeide for eit nasjonalt senter for kulturlandskap.
- Styrke tradisjonsmatproduksjon i kommunen og regionalt.
- Ynskjer fortsatt adgang og tilrettelegging for bygging av lågstandard hytter i alle bygdene.

## **HELSE OG OMSORG**

- Oppretthalde kjøkeneneste på sjukeheimen.
- Syte for rett og nok bemanning i helsevesenet.
- Vi vil styrke tiltak innan psykisk helse og rus, med vekt på tidleg innsats og samarbeid med andre kommunar.
- Ta i mot flyktningar og legge til rette for at dei blir buande ved å gjeve dei opsjon på kjøp av bustaden sin til takst etter to år.
- Nytt legesenter/helsehus.

## **GRØN VEKST**

- Gje 10000 i tilskot til montering av solcellepanel til fastbuande.
- Arbeide for at alle kommunale bygg skal ha solcellepanel innan 2030.
- Halde fram med nybyggartilskot i kommunen.
- Bustadbygging skal kunne skje i alle delar av kommunen.
- Vera pådrivar for miljø og gjenbruksstasjon på Ørvella industriområde.
- Legge til rette for sentrumsnære bustadar.

## **SAMFERDSEL OG INFRASTRUKTUR**

- Krevje oppgradering av fylkesvegane.
- Oppretthalde eksisterande kommunale vegar, fellesvegar er inga privatsak.
- Støtte arbeidet med faste snøskutertrasear i kommunen.
- Senterpartiet vil presse på for betre mobildekning i heile kommunen.
- Opprette brannberedskapspunkt for å tilrettelegge og hjelpe brannvesnet sitt arbeid.
- Auke beredskap.